

**Fra:** Jon-Rune Smørdal (Jon-Rune.Smordal@hfk.no)

**Sendt:** 21.06.2018 14:33:48

**Til:** 'Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no'

**Kopi:** John Martin Jacobsen

**Emne:** Frekhaugkrysset - ønskje om strakstiltak

**Vedlegg:** image001.jpg;image002.jpg;image004.png

Til Meland kommune v/ordfører Øyvind H. Oddekalv

Vi viser til e-post nedanfor og dialogen i vinter om det er mogleg å få utført strakstiltak for å betre framkome i Frekhaugkrysset.

Statens vegvesen har gjort følgjande vurderingar:

«

Vi viser til spørsmål om utviding av vegkrysset mellom Fv 564 og Havnevegen på Frekhaug. Slik vi forstår er det ynskje om at utkøyringa frå Havnevegen blir utvida slik at det i praksis blir to felt ut mot Fv 564 (markert på bildet under). Dette fordi det ofte er kø for å koma ut på Fv 564.

Bredden mellom fortauskanten og dråpeøya er på det smalaste ca 4,9 m. Det fører til at særleg bilar som skal ut til venstre i nokre tilfelle sperrar for bilar som skal ut til høgre. Det er kun lagt opp til eitt felt ut, men for at bussane ut frå terminalen skal ha plass, er feltet såpass bredt at det er plass til to personbilar. Ei korttidsregistrering (kl 15–16) viste at køen ikkje varte meir enn eit par minutt før den løyste seg opp. Så kom det en ny situasjon nokre minutt seinere. Vi har ikkje registrert køsituasjonen over lengre tid og vi vil tru at køen truleg har varierende omfang frå dag til dag.

Fortauet har her ei breidde på ca 2,5 m, noko som er omlag den breidda som fortauet har vidare inn på bussterminalen. Vi vil frarå å flytta fortauskanten lenger inn slik at fortauet blir smalare. Dersom fortauskanten skal flyttast inn, må fortauet utvidast tilsvarande. Dette fører også til at ei lysmast må flyttast og at eit rekkverk må justerast. Alt dette kan ikkje utførast utan detaljprosjektering og saksbehandling. Vi gjer merksam på at desse tiltaka vil vere i strid med den gjeldande områdeplanen, og vil nok minimum trenge dispensasjon frå plankrav.

Ved å flytta fortauskanten lenger ut, vil kryssingsbreidda for fotgjengarane auke litt. Det vil derimot bli ein svært liten breddeauking all den tid kryssinga allereie ligg ganske langt ute mot Fv 564. Slik sett vil denne justeringa i liten grad gje redusert tryggleik for kryssande fotgjengare. Havnevegen bryt den samanhengande gang- og sykkelvegen mellom Frekhaug og Flatøy. Dersom krysset skal utvidast, bør det samtidig vurderast å merke opp gangfelt i krysset.

I Nordhordlandspakken har utbetring av Frekhaugkrysset (inkludert utbetring av Fv 244) prioritet 5. Krysset blir truleg bygd om i løpet av få år. I så tilfelle vil nytten av kryssjusteringa til Havnevegen bli svært begrensa. Ut frå ei totalvurdering vil vi ikkje rå til å utvida krysset no.



«

Som det går fram av vurderinga tilrår ikkje SVV å gjere tiltak for å utvide krysset no, men om det skal utførast har dei kalkulert det til å koste om lag 1,2 mill. kr.

Som vegeigar meiner vi at ein kostnad på 1,2 mill. kr for denne midlertidige løysinga vert for dyr. Ei større ombygging av krysset til rundkøyring ligg inne som prioritet nr 5 i Nordhordlandspakken og skal etter planen realiserast i løpet relativt få år.

Venleg helsing

### Jon-Rune Smørdal

seniorrådgjevar

Samferdelsavdelinga | vegseksjonen



Mob: 958 90 511

e-post: [Jon-Rune.Smordal@hfk.no](mailto:Jon-Rune.Smordal@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Øyvind H Oddekalv <[Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no](mailto:Oyvind.Oddekalv@meland.kommune.no)>

**Sendt:** 9. april 2018 11:08

**Til:** John Martin Jacobsen <[John.Martin.Jacobsen@hfk.no](mailto:John.Martin.Jacobsen@hfk.no)>

**Emne:** Frekhaugkrysset, strakstiltak

Hei

Viser til dialog vi har hatt om mindre tiltak for å betre framkome i Frekhaugkrysset. Som kjent opplever dei næringsdrivande i Frekhaug senter at det er problem med å kome ut frå Frekhaug på fylkesvegen, dette skapar tidvis køar og Frekhaug senterforening ønskjer at det vert gjort strakstiltak for å betre framkoma. Ein er fullstendig klar over at det skal kome ei rundkøyring her, men ein ønskjer at det blir gjort strakstiltak for å betre tilhøva innan den tid. Ei løysing vil vere å utvide kjørebana med nokre titals cm, dette vil medføre at det blir rom for to biler ut av Frekhaugkrysset samstundes (mot Rossland og mot Flatøy). Vi viser til at eit liknande tiltak vart gjort på E39 ved Hjelten for å betre framkoma der etter at ein fekk på plass midtdelar.

Vi ber om at Hordaland fylkeskommune som vegeigar tar denne saka opp med Statens vegvesen med mål om at ein kan få til strakstiltak som betrar framkoma fram til den endelege løysinga for Frekhaugkrysset er på plass.

Beste helsing

**Øyvind H Oddekalv**

ordfører



56 17 10 00 | 56 17 10 25 | Mob: 913 17 450

[oyvind.oddekalv@meland.kommune.no](mailto:oyvind.oddekalv@meland.kommune.no) | [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

[Sjå brosjyren vår](#)

 **Tenk på miljøet før du skriv ut denne e-posten.**